



Seljord kommune

VEST-TELEMARKRÅDET
Kviteseidgata 18
3850 KVITeseID

Att. Anne Aasmundtveit

MELDING OM VEDTAK

Dykkar ref:

Vår ref
2021/3625-4

Saksbehandlar:
Torunn Raffevold Rue, tlf.

Arkivkode:
144

Dato:
21.02.2022

Melding om vedtak - Felles klimaplan for Vest-Telemark - høyringsuttale frå Seljord kommune

Viser til vedlagt vedtak.

Samfunnsutvalet og kommunestyret i Seljord kommune har hatt saka om felles klimaplan for Vest-Telemark til uttale.

For Seljord kommune

Torunn Raffevold Rue
kommunalsjef samfunnsutvikling og drift

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Mottakarar av dette brevet:
VEST-TELEMARKRÅDET



Seljord kommune

Arkiv: 144
 Saksnr.: 2021/3625-2
 Saksbeh.: Torunn Raftevoid Rue
 Dato: 28.12.2021

SAKSFRAMLEGG

Felles klimaplan for Vest-Telemark - høringsuttale frå Seljord kommune

Utval	Utvalssak	Møtedato
Samfunnsutval	14/22	09.02.2022
Kommunestyre	12/22	17.02.2022

Handsaming i Kommunestyre - 17.02.2022

Forslag frå Senterpartiet v/ Beate Marie Dahl Eide (SP):

Delingsøkonomi

Avsnittet framstår noko irrelevant for Seljord/Vest-Telemark. Fleire av dei konkrete aktørane som er nemnt bidreg til utfordringar på andre område som eit seriøst og ordna arbeidsliv. Avsnittet bør endrast.

Kommunane som innkjøpar

Kommunane og det offentlege si innkjøpsmakt er betydeleg. Denne delen av planen bør forsterkast, og mogelegheitene som ligg i å bruke innkjøpsmakta til å bidra til miljø- og klimagevinstar tydeleggjerast. Fakta om måten kommunane i Vest-Telemark er organisert på dette området bør takast inn.

Oppfølging av planarbeidet

Det er viktig at Vest-Telemarkrådet syter for å halde klima- og miljøsaka på dagsorden etter at planen er vedteken, og at både rådet og kommunane bidreg til å iverksette konkrete tiltak.

Bærekraftsperspektivet bør tydeleggjerast i dei politiske sakene som vert handsama i kommunane.

Forslaget frå Beate Marie Dahl Eide (SP) vart samrøystes vedteke.

Samfunnsutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyre - 17.02.2022

Delingsøkonomi

Avsnittet framstår noko irrelevant for Seljord/Vest-Telemark. Fleire av dei konkrete aktørane som er nemnt bidreg til utfordringar på andre område som eit seriøst og ordna arbeidsliv. Avsnittet bør endrast.

Kommunane som innkjøpar

Kommunane og det offentlege si innkjøpsmakt er betydeleg. Denne delen av planen bør forsterkast, og mogelegheitene som ligg i å bruke innkjøpsmakta til å bidra til miljø- og klimagevinstar tydeleggjerast. Fakta om måten kommunane i Vest-Telemark er organisert på dette området bør takast inn.

Oppfølging av planarbeidet

Det er viktig at Vest-Telemarkrådet syter for å halde klima- og miljøsaka på dagsorden etter at planen er vedteken, og at både rådet og kommunane bidreg til å iverksette konkrete tiltak.

Bærekraftsperspektivet bør tydeleggjerast i dei politiske sakene som vert handsama i kommunane.

Administrasjonen samanfattar høyringsinnspela frå samfunnsutvalet og kommunestyret og sender dei til Vest-Telemarkrådet før høyringsfristen 20. februar 2022.

Handsaming i Samfunnsutval - 09.02.2022

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Samfunnsutval - 09.02.2022

Administrasjonen samanfattar høyringsinnspela frå samfunnsutvalet og kommunestyret og sender dei til Vest-Telemarkrådet før høyringsfristen 20. februar 2022.

Rådmannen si tilråding:

Administrasjonen samanfattar høyringsinnspela frå samfunnsutvalet og kommunestyret og sender dei til Vest-Telemarkrådet før høyringsfristen 20. februar 2022.

Innleiing:

Vest-Telemarkrådet vedtok den 15.10.19, sak 29/2019, å setje i gang arbeidet med felles klimaplan for Vest-Telemark. Alle dei seks Vest-Telemarkkommunane Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Nissedal og Fyresdal har gått saman om å utarbeide felles kommunedelplan for klima 2022-2030.

Vest-Telemarkrådet vedtok i rådssak 31.08.21, sak 34/2021, følgjande:

«*Vest-Telemarkrådet tar høyringsutkastet til orientering og oversendar høyringsutkastet*

til behandling i den enkelte kommune».

Framlegg til Klimaplan for Vest-Telemark vart teke opp til 1. gongs handsaming i alle kommunane og planen vart vedteke å sende på høyring og offentleg ettersyn. I Seljord kommune vart saka handsama i samfunnsutvalet 08.12.2021, sak 83/21.

Kommunane og andre kan kome med høyringsinnspel til Vest-Telemarkrådet i høyringsperioden fram til 20.februar 2022.

Fakta:

Visjonen til planen er:

Vest-Telemark – ein region med berekraftig framtid

Hovudmåla til planen er:

- Kommunane i Vest-Telemark skal redusere det totale klimagassutsleppet, både frå eiga drift og frå regionen.
- Kommunane i Vest-Telemark skal rettleie og motivere næringslivet inkludert landbruksnæringa til å redusere klimagassutslepp og drive berekraftig verdiskaping.
- Kommunane i Vest-Telemark skal i samarbeid med aktuelle aktørar drive kunnskapsformidling og haldningsskapande arbeid i lokalsamfunnet.

I forslaget til handlingsdelen er følgjande satsingsområde omtala med tiltak:

- Arealforvaltning
- Jordbruk
- Skogbruk
- Sirkulær økonomi og avfall
- Transport
- Offentlege innkjøp
- ENØK

Vurdering:

Det er eit viktig arbeid som no er starta i Vest-Telemark. Berre det å setje klima og klimautfordringar på saklista både for administrasjonen, politikarane og dei som bur og oppheld seg i Vest-Telemark, får alle til å tenkje grundigare over dei utfordringane som kjem nærare inn på oss.

Sjølve planen er lang og grundig, og ein kunne gjerne ha ynskt at planen ikkje var på så mange sider. Det er viktige tema som er skrive om i planen, og det er nytta oppdatert forskning og informasjon som kjelder og bakgrunn for planen.

Ein del av tiltaka vil ha økonomisk konsekvens anten for kommunane, næringslivet eller innbyggjarane.

Rådmannen foreslår følgjande innspel på handlingsplanen innanfor dei ulike satsingsområda:

Arealforvaltning:

- Nytt punkt - «Tiltak for å redusere og avgrense spreiringa av framande artar oppført på den

nasjonale lista over framandartar. Det er viktig å få ut informasjon til innbyggjarane og entreprenørar om rett handtering av framande artar». Ansvar: Kommunane og renovasjonsselskapa.

Jordbruk:

Ingen andre innspel.

Skogbruk:

Ingen andre innspel.

Sirkulær økonomi og avfall:

- Nytt punkt - «Opprette gjenbruksordning på avfallsstasjonane i kommunane. Det bør leggjast til rette for å drifte ein container der innbyggjarane kan levere og hente brukbare gjenstandar». Dette kan bidra til auka verdiskaping og auke graden av gjenbruk i kommunane. Ansvar: Kommunane og renovasjonsselskapa.
- Nytt punkt – «Opprydding av avfall på avvegar. Kommunane følgjer opp oppryddingsaksjonar som t.d. Ruskenaksjon og andre oppryddingstiltak». Ansvar: Kommunane i samarbeid med renovasjonsselskapa.

Transport

Ingen andre innspel.

Offentlege innkjøp

Ingen andre innspel.

ENØK

- Nytt punkt: «Oppfordre alle til å slette gamle e-postar og eldre uaktuelle elektroniske dokument slik at bruk av energi til dette går ned.» Ansvar: Kommunane, næringslivet og innbyggjarar.
- Nytt punkt – «Vurdere renovering av eksisterande kommunale bygg framfor nybygg. Avgjer om dette bør takast etter ei heilskapleg vurdering av klimarekneskap og økonomi». Ansvar: Kommunane.

Konklusjon:

Sejord kommune ved administrasjonen samanfattar høyringsinnspela frå samfunnsutvalet og kommunestyret og sender dei til Vest-Telemarkrådet før høyringsfristen 20. februar 2022.

Vedlegg

- 1 Felles klimaplan for Vest-Telemark - høyringsutkast
- 2 Forslag til tiltak i handlingsdel - felles klimaplan for Vest-Telemark
- 3 Innspel frå hovudutvalet for plan og miljø i Fyresdal kommune
- 4 Høyringsbrev
- 5 Høyringsinstansar